

Sogndal kommune

# STUDENTMELDING



# INNHALD

<b>1</b>	<u>Innleiing</u>	<b>12</b>	<u>Attraktiv studiestad</u>
<b>2</b>	<u>Samfunnsmål</u>	<b>13</b>	<u>Attraktiv studiestad - innspel</u>
<b>3-4</b>	<u>Satsingsområde</u>	<b>14</b>	<u>Samspel med næring, arbeidsliv og kommune</u>
<b>5</b>	<u>Arbeidet med studentmeldinga</u>	<b>15</b>	<u>Samspel med næring, arbeidsliv og kommune - innspel</u>
<b>6</b>	<u>Funn</u>	<b>16</b>	<u>Studentvelferd</u>
<b>7</b>	<u>Sogndal som studiestad</u>	<b>17</b>	<u>Studentvelferd - innspel</u>
<b>8</b>	<u>Aktiv livsstil</u>	<b>18</b>	<u>Studenthelse</u>
<b>9</b>	<u>Aktiv livsstil - innspel</u>	<b>19</b>	<u>Studenthelse - innspel</u>
<b>10</b>	<u>Transport og veg</u>	<b>20-25</b>	<u>Tiltak</u>
<b>11</b>	<u>Transport og veg - innspel</u>		

# INNLEIING


Sogndal er etablert som ein av dei mest attraktive studiestadane i landet i sitt slag med gode søkartal. Studentar utgjer ei stor gruppe i lokalsamfunnet, og det er viktig at dei kommunale ansvarsområda og tilrettelegginga er god for å ta i vare eit godt studentliv. Norsk studentorganisasjon anbefalar alle vertskommunar å ha eit fokus på vertsskapsrolla mellom anna ved utarbeiding av ei studentmelding. Utval for samfunnsutvikling i Sogndal kommune har teke initiativ til å få utarbeidd denne studentmeldinga for kommunen.

Studentmeldinga peikar på viktige område for studentar i Sogndal. I arbeidet med meldinga har studentane hatt høve til å medverka og gje innspel til korleis kommunen kan bli ein enda betre vertskommune for dei. Studentmeldinga sitt føremål er å avklara og synleggjera viktige innsatsområde, mål og strategiar som kommunen skal leggja til grunn for å gjera Sogndal til ei framleis attraktiv studiebygd.

I tråd med verdiane til Sogndal kommune; samskapande – open – god – nysgjerrig, blei det gjennomført og skrive ei studentmelding frå oktober 2021 til januar 2022 med brei involvering.

Dette dokumentet syner kva tilbod og tenester studentane allereie kan nytte seg av i dag og kva studentane sjølv meiner kan bli betre eller manglar i Sogndal. Det er utforma ei tiltaksliste basert på spørjeundersøking og arbeidsverkstad med studentar, internasjonale studentar, Studentrådet, studentorganisasjonane og representantar frå HVL, Saman, Velferdstinget og Sogn næring. Tiltakslista ligg til slutt i dette dokumentet

Studentmeldinga vil gjelda for perioden 2022-2026.



# SAMFUNNSMÅL

Sogndal kommune har valt tre mål som saman skildrar samfunnet me ønskjer oss i 2030.



## Livskvalitet

Å ha livskvalitet som samfunns mål krev at me leverer likeverdige tenester til alle innbyggjarar der folk bur. Trivsel vert skapt der ein bur, og Sogndal skal jobbe for at alle lokalsamfunna gjev rammer for god livskvalitet.



## Skaparkraft

Innbyggjarane, næringslivet, frivilligheita og dei andre skapande kreftene i kommunen er den viktigaste drivkrafta for ei aktiv nærings- og samfunnsutvikling. Sogndal kommune skal gje gode krefter dei beste rammene for å realisere ei god arbeidsplassutvikling, folketalsutvikling og skaparkraft i heile kommunen.



## Miljømedvit

Sogndal kommune skal vere ein miljømedviten kommune med klima og miljø som premiss for alt me gjer. Dette betyr at kommunen kuttar klimagassutsleppa våre, driv systematisk klimatilpassingsarbeid og har minst mogleg avfall, mest mogleg gjenbruk og ein medveten arealbruk.

# SATSINGSOMRÅDE

*Sogndal kommune har i samfunnsplanen peika på fem satsingsområde. Satsingsområda skal møta utviklingstrekk i kommunen, og samtidig vere dei som gir størst ringverknader. Kvart satsingsområde ligg innanfor ramma av dei tre samfunnsmåla livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit, og er samla sett vurdert til å vere den beste måten å nå måla våre på. På linje med andre innbyggjarar er også studentane ei målgruppe i arbeidet med å utvikla satsingsområda.*

## **Best på oppvekst**

*Dei som veks opp i Sogndal skal oppleve å vekse opp som trygge og aktive barn og unge med meistringsglede, vere rusta til å møte livet, ha mot til å leve, mot til å bry seg, mot til å seie nei og mot til å ta eigne val.*

Me skal legge til rette for gode overgangar frå ungdom til arbeidsliv. Alle unge treng aktivitetar, møteplassar, mobilitet, gode studietilbod og tilpassa helseteneste. For studentane i Sogndal betyr dette at studietilbod knytt til barn og unge gjev mange spennande moglegheiter, til dømes Fosshagen utdanningsbarnehage. I tillegg har fleire av studentane i kommunen barn, og dei har lik rett på gode opplæring- og oppveksttilhøve som andre innbyggjarar.

## **Skapt for aktiv livsstil**

*Me skal legge til rette for at alle innbyggjarar kan ha ein aktiv livsstil. Lokalsamfunn som innbyr til aktivitetar for alle er bra for folkehelsa, trivselen til innbyggjarane og for attraktiviteten til kommunen.*

Aktive unge vaksne er viktige tilflyttarar som aukar attraktiviteten vår ovanfor andre tilflyttarar. Me har mange naturgjevne fortrinn i kommunen, og mange studentar vel å komma til Sogndal på grunn av moglegheiter knytt til natur og friluftsliv. Kommunen satsar no på aktivitetar i nærområda, det inneber mellom anna lågterskeltilbod, tilrettelegging og idrettsanlegg.

## **Kompetansemiljø i eliteserien**

*Sogndal kommune skal ha kompetansemiljø på nivå med dei større byane i landet. Sterke kompetansemiljø har vore og kjem til å vere ein av grunnsteinane for folketalsauken i kommunen.*

Den spennande kompetansen som finst både offentleg og privat i kommunen, er med på å styrka HVL sitt faglege tilbod. Sterke kompetansemiljø har vore, og kjem til å vera, ein av grunnsteinane for folketalsauken i kommunen. Kompetansemiljø i eliteserien er særleg retta mot forskings- og utdanningsinstitusjonane, studentane, andre offentlege arbeidsplassar, gründermiljøet og næringsliv elles.

## **Fruktbare tettstader**

*Me skal ha fruktbare tettstader for å auke trivsel, redusere klimagassutslepp og legge til rette for vekst og god stadutvikling.*

Størstedelen av studentane bur i eller rundt Sogndal sentrum. For dei er tettstadsatsinga til kommunen viktig for aktivitets- og tenestetilbodet. Me skal ha fruktbare tettstader for å auka trivsel, redusere klimagassutslepp og legge til rette for vekst og god stadutvikling. For studentane betyr dette varierte funksjonar som gir trivsel, er helsefremjande og gir god kvardagslogistikk.

## **Utviklingslokomotiv**

*Som regionsenter skal me tilby regionale funksjonar og vere pådrivar for regionalt utviklingsarbeid, fordi vekst og utvikling i heile Sogn også er viktig for utviklinga av Sogndal kommune.*

Det regionale perspektivet styrkar kommunen i tema knytt til mellom anna samferdsle, reiseliv og kulturtilbod. Dette gir moglegheit for regional utvikling og samarbeid også for studentane.

# ARBEIDET MED STUDENTMELDINGA

Studentmeldinga er eit resultat av samskaping med kommunen, studentane sjølve, HVL, Velferdstinget og Saman.

Hausten 2021 vart det gjennomført ei spørjeundersøking og ein arbeidsverkstad.

Spørjeundersøkinga vart distribuert ut til alle studentar ved HVL Sogndal på både norsk og engelsk. Totalt blei det 180 svar. Undersøkinga bestod av 29 spørsmål og la grunnlaget for vidare gjennomføring av arbeidsverkstaden.

Tema i spørjeskjema:

- Val av studiestad.
- Bustad og eventuell bruk av barnehagetenester.
- Helsetenester og bruk av dette.
- Bruk av lokale tilbod.
- Bruk av natur- og nærområde.
- Bruk av transportmiddel.
- Samarbeid med næringslivet og kommunen.
- Kva må vere på plass for at studentane veljar å bli buande eller flytte til Sogndal?
- Opent spørsmål om tiltak for at Sogndal skal bli ei enda betre studiebygd.

Arbeidsverkstaden vart gjennomført over to timar med 22 deltakarar. Blant deltakarane var norske og internasjonale studentar, Studentrådet, fleire av studentorganisasjonane og representantar frå HVL, Saman, Velferdstinget og Sogn næring. Målet for verkstaden var å få døme på tiltak til korleis Sogndal kommune kan bli ei endå betre studiestad.

Tema i arbeidsverkstaden var:

- Kvalitetar og aktivitetar som manglar/kan bli betre i Sogndal.
- Transport. Dette inkluderte til fots, sykkel og offentleg transport.
- Deltaking og samhandling med lokalsamfunnet og det lokale næringslivet.
- Studenthelse og studentvelferd.
- Informasjon frå/om Sogndal kommune.

# FUNN

Frå spørjeundersøkinga og arbeidsverkstaden var det tydelege tema som peika seg ut som viktige for studentane som er busett i Sogndal kommune:

- Sogndal må vere ein kommune som innbyr til aktiv livsstil og gjer det enkelt for studentane å vere aktive saman.
- Sogndal må vere ein kommune som gjer det enkelt å bruke sykkel, ta offentleg transport og som legg til rette for bruk av gang- og sykkelveggar for studentane.
- Sogndal må vere ein kommune som legg til rette for gode møteplassar og gjer tettstaden attraktiv for studentane som bur her, og for framtidige studentar.
- Sogndal kommune må, saman med HVL, legge til rette for studentmedverknad og samspel med næringsliv og kommune.
- Det skal vere godt å bu i Sogndal for alle studentar, særleg gjeld dette bustad, trivsel og gode kommunale tenester.
- Sogndal må vere ein kommune som bidreg til god studenthelse ved å koordinere og gjere helsetilbod tilgjengeleg for studentane.





# SOGNDAL SOM STUDIESTAD

Ut frå spørreskjema og arbeidsverkstad vart det funne seks område som dei viktigaste for studentane ved HVL Sogndal; aktiv livsstil, transport og veg, attraktiv studiestad, samspel med næring- og arbeidsliv og kommune, studentvelferd og studenthelse.

Studentmeldinga syner vidare kva tilbod og tenester studentane allereie kan nytte seg av i dag og deretter innspel frå studentane sjølve på kvart område. Til sist i meldinga kjem ei oversikt over moglege tiltak basert på tilbakemeldingane frå studentane i samspel med HVL, Saman, Sogn næring og Velferdstinget.



# AKTIV LIVSSTIL

Eitt av satsingsområda i Sogndal kommune er «skapt for aktiv livsstil». Kommunen skal med dette legge til rette for at alle innbyggjarar kan ha ein aktiv livsstil. Lokalsamfunn som innbyr til aktivitetar for alle er bra for folkehelsa, trivselen til innbyggjarane og for attraktiviteten til kommunen.

Sogndal er omringa av fjord og fjell, og er godt kjend for eit yrande friluftsliv og god snø vinterstid. Sogndal skisenter ligg 15 minutt frå sentrum. Skisenteret tilbyr studentrabatt på sesongpass. I gangavstand frå sentrum kan ein nå fleire turar til fots. Blant anna er det tre dagsturhytter i kommunen som er tilgjengeleg for alle. Det er godt utbygde fasilitetar for organisert idrett, særleg knytt til Campus. I Sognahallen kan ein drive med ballspel, friidrett, klatring og buldring. Klatreveggen i Sognahallen blir sett på som ein av landets beste. Det er sett opp fleire treningsområde utandørs i Sogndal kommune som legg til rette for uorganisert fysisk aktivitet med kunstgras, tuftepark og pumtrack.

Studentorganisasjonane ved HVL Sogndal er for og av studentane sjølve og bidreg positivt til aktivitet og samhald. Lurkarlaget er studentane sin frilufsorganisasjon. Dei tilbyr arrangement, turar og lån at utstyr. Sjøspretten tilbyr arrangement, kurs og turar i det våte element som kurs i dykking og havkajakk. Medlemmane har også høve til å låna utstyr. Studentspretten er HVL sin studentorganisasjon for idrett. Her har studentane moglegheit til å bli med i studentlag innan ulike idrettar.

Studentane har høve til å få studentmedlemskap med rabatterte prisar hjå Idrettssenteret AS. Dei driv Idrettssenteret, Sogndal Klatresenter, GGSogndal på Campus, Spent Sogndal og CrossFit Fjøra på Kulturhuset. Studentar med medlemsskap hjå Idrettssenteret AS har moglegheit til å trene gratis hjå andre samskipnader.

Saman tilbyr Aktiv Saman som er eit gratis lågterskel tilbod til alle studentar. Her har studentar høve til å få hjelp av ein treningsvenn til å kome i gong med fysisk aktivitet. I tillegg har Saman arrangert trimpoengkonkurranse for studentar og tilsette ved Saman for å stimulere til meir fysisk aktivitet.



# AKTIV LIVSSTIL

## INNSPEL FRÅ STUDENTANE

*Sogndal må vere ein kommune som innbyr til aktiv livsstil og gjer det enkelt for studentane å vere aktive saman.*

Det kjem fram av både spørjeundersøkinga og arbeidsverkstaden at det er behov for lågterskel aktivitetstilbod der studentane kan vere aktiv og sosial saman utan å måtte vere medlem i ein organisasjon. Lågterskel fysisk aktivitet fører studentane naturleg saman med dei lokale. I tillegg ser me at dette er eit god utgangspunkt for ein sosial arena og kan vere med å forebygge einsemd. Mange studentar bur i små hyblar og leilegheiter der det er vanskeleg å invitere fleire til sosiale lag. Trenings- og rekreasjonsområdet er difor ein viktig møteplass, både for fysisk aktivitet og sosial omgang. Sogndal kommune må difor utvikle og halde ved like trenings- og rekreasjonsområde som er tilgjengelege også for studentar.

Det skal vere enkelt å vere fysisk aktiv i Sogndal kommune. Det er allereie mange gode tilbod i Sogndal. Kommunen, HVL og Saman må gje god informasjon om tur- og aktivitetsmoglegheiter for både nye og gamle studentar.

Studentlag og studentidretten er ein svært viktig arena for fysisk aktivitet og for sosialt samvær for studentane. Det er viktig at desse held fram og at Sogndal kommune bidreg til dette.



# TRANSPORT OG VEG

Transport av menneske og varer skal ha ein grunnleggande infrastruktur som fremjar samfunnsmåla til Sogndal kommune, og som byggjer opp under satsingsområda. Sogndal skal satsa på å utvikla sterke koplingar mellom gang- og sykkelbasert infrastruktur og kollektivløysingar som utgjer eit reelt alternativ til bruk av privatbil. Dette vil krevja andre løysingar for ein stor kommune der det er avstand mellom bygdene, samanlikna med tette byområde. Sogndal kommune ynskjer å ta ei leiarrolle i å bruke ny teknologi for å løyse framtidens mobilitetsbehov.

Sogndal kommune er i hovudsak tilrettelagt for bilbruk, sjølv om parkeringsavgift i tettstadene reduserer trafikken noko. Bruk av el-bil aukar, sjølv om det er få offentlege ladepunkt i kommunen. Sykkel (med og utan el-motor) vert meir og meir vanleg, trass i dårleg infrastruktur. Kollektivbruk er i hovudsak knytt til reiser til og frå arbeid, med relativt hyppige avgangar morgon og ettermiddag i delar av kommunen. Kollektivtilbodet andre tider på døgnet, eller i helger, er ikkje eit reelt alternativ til bil.

Gang- og sykkelvegane i tettstadene er av varierende kvalitet. Nokre strekningar fungerer godt, slik som Hermansverk – Hanahaug og Kjørnes – Bondeviki, men mange vegstrekningar manglar gang- og sykkelveg. I tettstadene er infrastrukturen for gange og sykkel prega av dårleg standard og direkte brot, som gjev dårleg flyt. Oppgradering av Gravensteinsgata vil betra tilhøva for syklende i Sogndal sentrum.

Fylkestinget i Vestland fylke vedtok i desember 2021 at heile resten av gamle Sogn og Fjordane blir teken inn i takst- og sonestrukturen til Skysst. Dette vil seie at det no blir billigare å ta bussen i Sogndal og omegn.



# TRANSPORT OG VEG

## INNSPEL FRÅ STUDENTANE

*Sogndal må vere ein kommune som gjer det enkelt å bruke sykkel, ta offentleg transport og som legg til rette for bruk av gang- og sykkelveggar for studentane.*

Frå spørjeundersøkinga ser me at fleirtalet av studentane går til og frå Campus. Dei resterande nyttar sykkel. Det er eit fåtal som nyttar bil til Campus. Dette viser at Sogndal kommune må leggja til rette for trygge og gode gang- og sykkelveggar gjennom heile året.

Sogndal kommune må gjere det enkelt å bruke sykkel i staden for bil. Mange studentar etterspør rimeleg leige av el-syklar og infrastruktur rundt dette. I tillegg etterspør dei moglegheit for sykkelveggar utover mot Leikanger, Kaupanger og opp i Sogndalsdalen.

Mange studentar har heimstaden sin andre stader enn Sogndal. Det er difor viktig for mange å kunne komme seg heim med buss og båt på ein rimeleg og enkel måte. I tillegg til kollektivtrafikk utanfor Sogndal, er det viktig med gode og hyppige bussforbindelsar lokalt. Det blir også førespurt meir kollektivtrafikk til populære friluftsområde som Sogndalsdalen, då mange studentar er avhengig av bil for å kome seg til utfartsstader for friluftsliv. Sogndal kommune må vera ein pådrivar for rimelege og gode forbindelsar for kollektiv trafikk, både lokalt og utanfor kommunegrensa.



# ATTRAKTIV STUDIESTAD

Meieriet er studentane sitt eige studenthus, og dette er ein veldig viktig sosial arena for studentane i Sogndal. Her blir det arrangert konsertar, quiz, kafé og mykje meir. Mange studentar jobbar som frivillige på Meieriet. Saman har tilsett ein dagleg leiar på Meieriet.

Mange av utdanningsretningane ved HVL har eigne linjeforeiningar. Desse er drivne av studentar, og dei arrangerer både faglege og sosiale arrangement. Saman har fleire ordningar for studentar og studentforeiningar til å søke om midlar som bidrege til gode møteplassar og arrangement for studentane.

Kvar vinter blir Fjellsportfestivalen arrangert. Fjellsportfestivalen syner fram Sogndal sine lokale naturkvalitetar gjennom spanande og utfordrande aktivitetar og arrangement. Festivalen er avhengig av frivillige, og kvart år melder både studentar og lokalbefolkninga seg som frivillige.

Sogndal kulturhus tilbyr kino og kulturprogram med teater, konsertar og elles ulike framsyningar. Mange førestillingar har studentrabatt.

Sogndal har mange frivillige lag og organisasjonar. [Her](#) er ei liste over ulike fritidstilbod i Sogndal kommune. Det vert jobba med ein digital plattform som skal innehalda alle aktivitetar i heile kommunen. Denne skal gjere det enkelt for innbyggjarane i Sogndal kommune å finne fram til informasjon om m.a. arrangement og frivillige organisasjonar som finst i kommunen.

Sogndal kommune har i dag to frivilligsentralar; Sogndal frivilligsentral og Leikanger frivilligsentral. Det vert jobba med å få på plass tilsvarande i Balestrand. Desse bidreg til å styrka den frivillige innsatsen i kommunen og er ein møteplass som formidlar kontakt mellom menneske i lokalmiljøet. I tillegg står frivilligsentralane for gratis utlån av utstyr. Frivilligsentralane er open for alle, også studentar.



# ATTRAKTIV STUDIESTAD

## INNSPEL FRÅ STUDENTANE

*Sogndal må vere ein kommune som legg til rette for gode møteplassar og gjer tettstaden attraktiv for studentane som bur her og for framtidige studentar.*

Studentane saknar fleire lågterskel møteplassar. Dei etterspør fleire alkoholfrie arrangement og moglegheit til å vera sosiale med lokalbefolkninga. Dette gjeld både møteplassar ute, og meir organiserte møteplassar og arrangement innandørs. Fleire lågterskel møteplassar, som nemnt i avsnitt om aktiv livsstil, er eit godt utgangspunkt for ein sosial arena og kan vere med å førebygga einsemd. I tillegg ser me at det er eit behov, og ei interesse, for språkkurs i norsk for internasjonale studentar.

Det kjem fram frå både spørjeundersøkinga og arbeidsverkstaden at det er eit ynskje om fleire tilbod innan kunst og kultur. Dette gjeld både arrangement, aktivitetar og estetisk utforming. Studentane føreslår fleire bygdefestivalar, billegare billetter til kulturarrangement for studentar, og meir gatekunst og fargar i sentrum. Sogndal må vere ein arena for kunst og kultur.



# SAMSPEL MED NÆRING, ARBEIDSLIV OG KOMMUNE

Studentdemokratiet består av Studenttinget, Studentråd, Studentcampusråd og Studentfakultetsråd. Disse er opne å søke på for alle studentar og her har studentane moglegheit for å påverke sin eigen studentkvardag.

På Campus i Sogndal møter studentane eit komplett verkemiddelapparat for næringsutvikling med det lokale/regionale næringssselskapet Sogn Næring, Sognefjorden Næringshage, Kunnskapsparken Vestland, Innovasjon Norge, Visit Sognefjord, Forskningsrådet og Distriktssenteret.

Sogn Næring jobbar med kultur og mobilisering for entreprenørskap blant studentane ved HVL. På oppdrag frå Sogndal kommune jobbar dei med denne gruppa på lik linje som dei jobbar mot andre innbyggjarar. På trappene har dei eit omfattande samarbeid med HVL Skape som er høgskulen sitt studenttilbod innanfor innovasjon og entreprenørskap.

I prosjektet "Samskaping for eit berekraftig Sogn" skal HVL i samarbeid med kommunar og næringsliv i regionen utvikla eit nytt tverrfagleg val- og vidareutdanningsemne. Her skal studentar frå ulike studieprogram, tilsette ved HVL, private og offentlege verksemder delta på same kurs for å utvikle løysingar til lokale og regionale problemstillingar.

Når det gjeld dei studieretningane som baserer seg på offentlege arbeidsplassar (til dømes lærarutdanningane og barnevern), er praksis i arbeidslivet godt etablert som ein del av studiet.

Fleire institutt har karrieredager eller bransjetreff i dag, ofte i samarbeid mellom linjeforeining og institutt.





# SAMSPEL MED NÆRING, ARBEIDSSLIV OG KOMMUNE

## INNSPEL FRÅ STUDENTANE

*Sogndal kommune må saman med HVL legge til rette for studentmedverknad og samspel med næringsliv og kommune.*

Det er viktig at studentane vert inkludert i, og informert om, næringslivet i Sogndal. Dette gjeld moglegheiter for oppgåveskriving, praksisplass og jobbmoglegheiter både under og etter studiar.

Frå spørjeundersøkinga kjem det fram at eit fåtal av studentane har vore i kontakt med næringslivet i løpet av studietida og endå færre har fått informasjon om moglegheit til å skrive oppgåve for næringslivet. Av spørjeundersøkinga kjem det også fram at mange studentar må ut av kommunen for å ha praksis i dag.

Det er også viktig at studentane blir inkludert i kommunalt lokaldemokrati, då gjerne gjennom ein dedikert kontaktperson i kommunen.

På bakgrunn av arbeidsverkstad og spørjeunderøking har det kome mange gode forslag til tiltak. Mange av forslagene inngår ikkje i rolla til kommunen, og det er difor viktig å ha studentar som sjølv kan ta initiativ og vere pådrivarar, særleg i lag med organiasjonar og frivillige lag. Sogndal kommune kan bidra i desse initiativa med kompetanse og rådgjeving og t.d. moglege samarbeidspartnarar, finansieringsmidlar og å sette initiativa inn i ein større kontekst.



# STUDENTVELFERD

Det er viktig at studentane får den informasjonen dei treng som nye innbyggjarar i Sogndal. Saman, HVL og Sogndal kommune har kvar sin nettstad som syner viktig informasjon, tenester og korleis det er å vere student i Sogndal.

Studentsamskipnaden Saman dekker m.a. informasjon kring studentbustadar, studentbarnehage, kantine og kafé. Studentbustadane er for alle studentar ved HVL Sogndal. Her kan ein velje å bu åleine, saman med ein eller mange, som par eller familie. Ein må gjennom ein søknadsprosess for å få tildelt studentbustad. Saman tilbyr også studentbarnehage med 44 plassar. Barnehagen er open for alle, men born av studentar og tilsette ved HVL vert prioritert først.

HVL tilbyr ulike typar tilrettelegging av studiesituasjonen for dei som har behov for dette. I tillegg tilbyr HVL studie- og karriererettleiing for dei som har behov for å snakke om studiet og vegen vidare. Her tilbyr dei også kurs knytt til karriere som til dømes CV-skriving og intervjukurs. HVL og studentsamskipnaden har saman utvikla ein nettressurs som heiter eksamenskoden. Denne skal hjelpe studentar med å meistre eksamen og har mange gode tips og videokurs.

Tilskotsportalen gjev oversikt over alle tilskotsordningar tilgjengeleg for frivillig sektor. Det er gratis for lag og organisasjonar i Sogndal å bruke portalen, også for studentorganisasjonane. Kravet er at dei må vere registrert som frivillig organisasjon i Sogndal kommune i Brønnøysundregisteret.

Studentorganisasjonar kan søke på semesteravgiftsmidlar hjå Saman. Dette er tilskot til å drifte delar av studentorganisasjonen. Her er kan dei søka ein gang per semester.



# STUDENTVELFERD

## INNSPEL FRÅ STUDENTANE

*Det skal vere godt å bu i Sogndal for alle studentar, særleg gjeld dette bustad, trivsel og gode kommunale tenester.*

For mange studentar er det første gong dei bur heimanfrå og åleine vekke frå familie. Det er difor naudsynt å ha ein god plass å bu heilt frå starten, og det må leggjast til rette for gode bustader for alle studentar. Det er også naudsynt å gje god informasjon om ulike bustadmoglegheiter.

Sogndal må vere ein tettstad som gjev trivsel og er miljøvenleg. Studentane ønskjer ein tettstad med grøntareal som alle kan nytta, og med gode og trivelege møteplassar.

Sogndal må levere gode kommunale tenester som er tilgjengelege for studentane. Det må også vere god informasjon om dei ulike kommunale tenestene som er relevante for studentane. Dette gjeld særleg for helsetenester og aktivitetar. For internasjonale studentar er det viktig at informasjon frå HVL, Saman og kommunen er tilgjengeleg også på engelsk.

Studentorganisasjonar og –foreiningar er viktige for studentane. Det må difor vere tilskotsordningar som også treffe desse slik at dei har midlar til å drifta og utvikla dei viktige møteplassane og sosiale arenaene.



# STUDENTHELSE

Sogndal kommune har det primære ansvaret for naudsynte helse- og omsorgstenester til alle som oppheld seg i kommunen. Den kommunale helsetenesta har ansvar for førebyggjande arbeid, offentleg helseteneste og allmennlegeteneste, psykisk helsearbeid og fysioterapiteneste.

Sogndal kommune tilbyr helsestasjon for unge vaksne frå 13-25 år. Dette er ei gratisteneste som hjelper med spørsmål og problemstillingar kring seksuell helse. Sogndal kommune tilbyr også Frisklivssentralen Sogn som er ei interkommunal helsefremjande og førebyggjande helseteneste for Luster og Sogndal kommune. Frisklivssentralen arrangerer mellom anna kurs i "Kvardagsglede".

Alle studentar har rett på fastlege og ein treng ikkje å melde flytting for å få fastlege i Sogndal. I 2022 kjem tilbodet om "rask psykisk helsehjelp" til Sogndal. Her kan personar som slit med til dømes vanskelege tankar, angst, uro og søvnproblem få rask hjelp, utan lang ventetid.

I tillegg til dette supplerer studentsamskipnaden Saman til kommunen sine helsetenester med tilbod retta direkte mot studentar. Desse inkluderer studentrabatt og refusjonsordning for behandling hjå tannlege, og refusjon ved store utgifter relatert til helse. I tillegg tilbyr Saman psykolog eller studentrådgjevar for dei studentane som har behov for å snakke med nokon. Saman har også mange kurs for studentar innan ulike problemstillingar som søvn, stress og studiemeistring.



# STUDENTHELSE

## INNSPEL FRÅ STUDENTANE

*Sogndal må vere ein kommune som bidreg til god studenthelse ved å koordinere og gjere helsetilbod tilgjengeleg for studentane.*

Blant anna må det vere godt nok tilbod til psykisk helsehjelp for dei som har behov. Det må også vere godt tilrettelagt for universell utforming både innandørs og utandørs i heile kommunen.

Det er viktig at all informasjon om helsetenester ligger tilgjengeleg på kommunen sine heimesider og at denne informasjonen også er på engelsk.

Det må bli lagt til rette for god studenthelse gjennom heile studietida. Dette gjeld særleg for kommunen sine helsetenester som helsestasjon, fysioterapi og fastlege.



# TILTAK

I dette kapittelet er ei oversikt over tiltak basert på tilbakemeldingane frå studentane i samspel med HVL, Saman, Sogn næring og Velferdstinget.

Tiltaka er delt inn i temaene som er viktige for studentane. Tabellen viser kven som er ansvarlige for kvart tiltak, om det må budsjetterast for og grad av viktighet. Viktigheita er basert på forståelse for kva studentane vektlegg frå samtalar med dei, kva Norsk studentorganisasjon (NSO) råder kommunane til og kor mange studentar som har gitt innspel til dei ulike tiltaka.

<b>Aktiv livsstil</b>			
<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Må inn i budsjett</b>	<b>Viktighet</b>
Inkludere studentidretten og studentorganisasjonar i tilskotsordningar	Sogndal kommune; Kulturavdelingen	Nei	Veldig viktig
Oppgradere skatepark på Kvåle/etablere ny skatepark	Sogndal kommune; Samfunn og næring - kultur og idrett	Ja	Viktig
Etablere ein lågterksel sti med mjukt underlag som kan fungere til jogging eller tur og som ikkje er for bratt, i nærleik til Sogndal sentrum	Sogndal kommune; Plan, Samfunn og næring - kultur og idrett	Ja	Viktig
Etablere fleire turmoglegheiter i umiddelbar nærleik til Sogndal sentrum	Sogndal kommune; Plan, Samfunn og næring - kultur og idrett	Ja	Viktig
Oppgradering av Kvåle Stadion	Sogndal kommune; Samfunn og næring - kultur og idrett	Ja	Viktig
Alle turløyper i kommunen må skiltast og merkast etter nasjonal merkestandard	Sogndla kommune; Samfunn og næring, Plan	Ja	Viktig
Sette opp skøyteis og drifte denne vinterstid	Sogndal kommune; Plan, park og veg	Ja	Litt viktig

<b>Transport og veg</b>			
<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Må inn i budsjett</b>	<b>Viktighet</b>
Salte og strø dei vanligaste stikkvegane til Campus om vintaren	Sogndal kommune; Plan	Ja	Veldig viktig
Sykkelveg gjennom sentrum	Sogndal kommune; Plan	Ja	Veldig viktig
Fleire trygge sykkelstativ i sentrumsområde	Sogndal kommune; Plan	Ja	Veldig viktig
Sette opp lys langs heile Sogndalselvi frå Campus til Granden	Sogndal kommune; Plan	Ja	Viktig
Fikse vegane slik at det ikkje blir så mange hol i vegen og dammar, særleg vegane rundt Campus	Sogndal kommune; Plan	Ja	Viktig
Prøveordning med elsparkesykkel	Sogndal kommune; Plan, Samfunn og næring - kultur og idrett	Ja	Viktig
Sykkelveg frå Stedjeåsen til Campus	Sogndal kommune; Plan	Ja	Viktig
Sykkelparkering med moglegheit for lading i sentrumsområde	Sogndal kommune; Plan	Ja	Viktig
Sykkelveg til Leikanger, Kvam og innover Sogndalsdalen	Sogndal kommune; Plan	Ja	Litt viktig
Tre/lydbarriere bortover langs Stedjevegen	Sogndal kommune; Plan	Ja	Litt viktig

<b>Attraktiv studiestad</b>			
<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Må inn i budsjett</b>	<b>Viktigheit</b>
Etablere ein nettstad som syner kva som skjer i Sogndal av aktivitetar og arrangement	Sogndal kommune; Digitaliseringsteam	Allereie budsjettert for	Veldig viktig
Samarbeid mellom studentene og kulturhuset om studentaktivitetar	Sogndal kommune; Samfunn og næring - kultur og idrett, HVL	Nei	Viktig
Kartlegge og legge til rette for fleire møteplasser på tvers av kulturar og språk	Sogndal kommune; Helse og omsorg - frivilligsentralen; Samfunn og næring - kulturavdeling, Saman	Nei	Viktig
Leggje til for fleire restaurantar, caféar og meir uteliv i sentrum	Sogndal kommune; Plan, Sogn næring	Nei	Viktig
Vidareutvikle biblioteket som lågterskel møteplass for kunnskap, debatt og kulturopplevingar for alle	Sogndal kommune; kulturavdeling Samfunn og næring	Nei	Viktig
Leggje til rette for festivalar også om hausten	Sogndal kommune; Samfunn og næring - Kulturavdeling	Nei	Litt viktig
Kunst langs Sogndalselvi	Sogndal kommune; Plan, Samfunn og næring	Ja	Litt viktig
Leggje til rette for gatekunst (til dømes på Norturabygget)	Sogndal kommune; Plan, Samfunn og næring	Usikkert	Litt viktig



<b>Samspel med arbeids-, næringsliv og kommune</b>			
<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Må inn i budsjett</b>	<b>Viktigheit</b>
Tilby fleire praksisplassar hjå lokale bedrifter i Sogndal	HVL, Sogn næring	Nei	Veldig viktig
Vidareutvikla bransjetreff og karrieredager på HVL med bedrifter frå regionen	HVL, Sogn næring	Nei	Veldig viktig
Betre tilbodet og informasjon om oppgåveskriving for lokalt næringsliv	HVL, Sogn næring	Nei	Veldig viktig
Kartlegge moglegheitene for ein studentansvarlig/studentkontakt tilsett i kommunen	Sogndal kommune; Samfunn og næring	Nei	Veldig viktig
Gjere informasjon om relevante og aktuelle kommunale tenester tilgjengeleg for studentar på engelsk	Sogndal kommune; kommunikasjon	Nei	Veldig viktig
Introduksjonsdag frå kommunen for nye studentar	Sogndal kommune; Administrasjon, Sogn næring	Nei	Veldig viktig
Kommunen skal ha løpande dialog med Saman i saker som omgår studentane eller deira tenesteområdet	Sogndal kommune	Nei	Viktig
Kommunen skal opprette eit forum med representantar frå kommunen si leiding, Saman og studentane. Dette forumet skal møtast minst ein gang i semesteret.	Sogndal kommune, Saman	Nei	Viktig

<b>Studentvelferd</b>			
<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Må inn i budsjett</b>	<b>Viktigheit</b>
Kartlegge moglegheitene for kulturkort for studentar som gjer det billigare eller gratis å delta på kulturarrangement	Sogndal kommune; Samfunn og Næring - Kulturavdeling, Fylkeskommune	Nei	Veldig viktig
Tilby relevante kurs og arrangement innan stressmeistring, kosthald, søvnvanar og trening	HVL, Saman, Sogndal kommune; Helse og omsorg ved Frisklivssentralen	Nei	Veldig viktig
Utforme grøntarealet langs elva til ei trivelig stad å vere	Sogndal kommune; Plan	Ja	Viktig
Invitere til frivillighetens dag der alle idretts- kultur- og frivillige lag presenterer seg	Sogndal kommune; Samfunn og næring - kulturavdelinga	Nei	Viktig
Informasjon og introduksjonskurs til internasjonale studenter	Sogndal kommune; Samfunn og næring, Saman, HVL	Nei	Viktig
Etablere parselhagar eller offentlege drivhus	Sogndal kommune; Plan	Ja	Litt viktig
Ein stad å plukke epler i sentrum. Offentlege epletre.	Sogndal kommune; Plan	Ja	Litt viktig
Meir grøntområde i sentrum	Sogndal kommune; Plan	Ja	Litt viktig

<b>Studenthelse</b>			
<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Må inn i budsjett</b>	<b>Viktigheit</b>
Utrede behov for lengre opningstid på helsestasjon for ungdom og unge voksne	Sogndal kommune; Helse og omsorg	Nei	Veldig viktig
Sørge for at det psykiske helsetilbodet er dimensjonert for å takla utfordringar knytta til studentar sine behov for oppfølging og helsehjelp	Sogndal kommune; Helse og omsorg, Saman	Ja	Veldig viktig
Stille fastlegeheimlar som er særskilt retta mot studentar	Sogndal kommune; Helse og omsorg	Nei	Veldig viktig
Meir spesialisert fysioterapitilbod	Sogndal kommune; Helse og omsorg	Ja	Viktig

